

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Nr 1-2018

Vår/Sommar

Årgang 48



Snart klare for konfirmasjon!

Nytt fra Mali

Ei verd full av skjermar - Tro og medier

Wenche møtte kallet til misjonær i Øvre Årdal

INNHOLD

Påskeandakt av Vegard Bondevik Lie	s. 3
Ei verd full av skjermar – Tru og Medier	s. 4
Glimt frå trusopplæringa	s. 6
SLUSH-kurs for unge hjelpeleiarar	s. 7
Wenche Lunde frå Årdal fekk misjonærkall	s. 8
Glimt frå NLM sitt arbeid	s. 9
Leirar på Lyngmo	s. 9
Statistikk 2017	s.10
Nytt frå kyrkjetårnet	s.11
Misjon i dag – NMS sitt arbeid i Mali	s.12
Leiarar på Alværa	s.13
Elieser Ben Jehuda – revitilisator av hebraisk	s 14
Påskemusikal	s.15
Gudstenester framover	s. 15
Vårdugnader på gravplassane	s. 15
Konfirmantsider	s. 16
I glede og sorg. Annonser.	s. 18
Diakonihjørnet – Gud valde å gjere noko!	s. 19
Gudstenesteplan våren 2018	s .20

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Utgjeve av Balestrand sokneråd
Nr 1 - 2018 - 48 årgang

Redaksjonsutval

Helge Eilifsen, Kjell Helland og
Jostein Risa (kyrkjeverje)

Abonnement

Normalt tre utgjevingar i året (vår, sommar/haust, jul)
Fulldistribusjon i kommunen i tillegg til ikring 80
utanbygds abonnentar.
Bladpengar: kr.200 per år (friviljug) til konto:
3805.10.32583.

Trykk / oppsett

Ingvald Husabø Prenteverk, Leikanger

Annonser

Små annonser kr. 450, store annonser kr. 800.
Heilside etter avtale.

Framsidefoto:

Balestrand-konfirmantane på konfirmantleir på Alværa i januar 2018.

Foto: Gunn Berit Bøthun



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokneråd

KONTAKTINFORMASJON

Balestrand kyrkjekontor

Kjerneopningstid:
Tysdag-fredag kl. 10 - 14
Sjøtunsvegen 6, 6899 BALESTRAND
Telefon: 57 69 15 48
E-post: kontor@balestrand.kyrkja.no
Heimeside: www.balestrand.kyrkja.no

Sokneprest Vegard Bondevik Lie

(Leikanger/Norum) har ansvar for prestetenesta i Balestrand medan presten er sjukmeld.
Ring for avtale.

Mobiltelefon: 906 19 080
E-post: sokneprest@balestrand.kyrkja.no
(vert vidaresend til Lie)

Kyrkjeverje/dagleg leiar Jostein Risa

(80 % stilling)
Telefon kontor: 57 69 15 48
Mobiltelefon: 920 60 832
E-post: kyrkjeverje@balestrand.kyrkja.no

Organist Ole Agnar Helland

(30 % stilling)
Mobiltelefon: 984 16 333
E-post: organist@balestrand.kyrkja.no

Diakonimedarbeidar Louise Nilsson

12 % stilling (Kafé Møteplassen)
Mobiltelefon: 901 15 667
E-post: diakon@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa

(25 % stilling)
Mobiltelefon: 466 97 476
E-post: klped@balestrand.kyrkja.no

Kyrketenar Fisseha Weldeyohannes Andemichael

(25 % stilling)
Mobiltelefon: 450 27 235
E-post: kyrketenar@balestrand.kyrkja.no

Leiar i Balestrand sokneråd Helge Ulvestad

Mobiltelefon: 971 06 001
E-post: helge.ulvestad@online.no

Vakttelefon Sogn prosti: 954 83 374

Kvardagar: 17.00-08.00

Helg/høgtid: Frå 08.00

I desse tidsromma er ein av prestane i prostiet i beredskap. Vakttelefonen nyttast om ein har bruk for prestetenester som ikkje kan vente (t.d. dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg/støtte i kritiske situasjoner.)

Heimeside: balestrand.kyrkja.no

Her finn du oppdatert gudstenesteinformasjon, konfirmantinformasjon, skjema for innmelding av dåp og vigsel, kyrkjegardsføresegner. Vidare kan du søkje etter gravlagde på kyrkjegarden, laste ned årsrapport, dette bladet i pdf-format osb.

Andakt

Har du sett lyset?

Ser du lyset?

Lyset frå påskemorgon?

Det er tidleg på morgenon. Det er i ferd med å lysne av dag, då Maria og Maria går til grava. Det er den første dagen i veka. Det er ein slags "manda' morra blues".

Vi kan alle sjå for oss korleis lyset er tidleg om morgenon. Når eg ser for meg lyset på påskemorgon der ved Jesu grav, så ser eg eit sollys som ikkje heilt bryt gjennom morgondisen. Det er lyst og skarpt samtidig som det er litt ullent og uklart.

Påskemorgonlyset lyser mot oss i dag.

Jesus har stått opp!

Han har blitt levande igjen!

Han som var død, er levande!

Livets lys strålar, men... så ligg morgondisen der framleis. For det er noko heilt uforståeleg med denne oppstoda.

Den er ikkje til å tru, ..eller det er nettopp det den er.


Den er til å tru, men ikkje til å forstå.

Eg ser eit lys, men eg klarar ikkje heilt å forstå kva det er.

Jesus har stått opp!!

Å feire påske er å feire det heilt grensesprengande. Her stansar fornuften. Og her byrjar trua.

Oi, korleis skal vi trauste kristne nordmenn få dette til å gå i hop. Eg merkar sjølv korleis mykje av den forkynninga eg har høyrt har vore fokusert på korset og Jesu død. Han døydde for meg. Han døydde for deg. På korset bar Jesus all verdens synd på seg. Og det er det i grunnen greitt å fatte også. Fram til påskeafta er den



bibelske påskeforteljinga heilt grei. Det er ikkje så vanskeleg å forklare at Jesus rei på eit esel inn i Jerusalem. Det er heller ikkje så vanskeleg å forklare at Jesus innstifta nattverden.

Og det at han vart hengt på eit kors og døydde for oss, er også innanfor det vi kan fatte med vår forstand.

Men så kjem denne påskemorgonen med sitt lys! No vert grensene sprengde. Så er det då også på dette punktet, på oppstoda, at folk flest undrar seg. I undersøkingar om kva folk trur på, vil dei aller fleste gå med på at det eksisterte ein historisk person som heitte Jesus, og at han sannsynlegvis vart avretta ved korsfesting ein gang for svært lenge sidan. Men at han var død og blei levande igjen – nei, det er det ikkje alt for mange som vil vere med på.

Ser du lyset ?

Vi skal få sjå påskemorgonlyset, og vi skal få tru at det hende. Jesus var død og vart levande igjen. Når fornufta må melde pass, skal trua få sleppe til. Vi skal få sjå lyset frå påskemorgon, og få vere i det, sjølv om det ikkje er heilt klart for oss kva det er.

For det er dette vår felles kristne tru byggjer på. At Jesus stod opp igjen og vann over døden. Ikkje berre døydde han for deg og meg, han stod opp for oss også. Oppstoda er heilt avgjerande for oss, slik Paulus seier det i 1. Korintarbrev: "...er ikkje Kristus stått opp, er trua dykkar meiningslaus."

Vegard Bondevik Lie

Vegard Bondevik Lie fast tilsett som sokneprest i Leikanger og Norum frå 1.3.2018

I Kjetil Netland sitt sjukefråvær er Vegard Bondevik Lie fungerande sokneprest i Balestrand.

Det vil seie at han sit i soknerådet og er såkalla geistleg representant der. Lie har tidlegare vore sokneprest i Luster, men har siste året vore fungerande sokneprest i Leikanger og Norum sokn. Frå 1. mars i år er han fast tilsett i denne stillinga. Sidan han allereie har vore «booka» med arbeid i Leikanger/Norum på søndagane, har han ikkje hatt gudstenester her hos oss. Men han har hatt nokre gravferder, og har elles vore til støtte for kyrkjekontoret i den daglege drifta.



Ei verd full av skjermar



Jarle Haugland frå organisasjonen “Tro og medier” var gjestetalar på inspirasjonsamlinga som Misjonssambandet i Sogn hadde på Lyngmo laurdag 13. januar. “Å følgja Jesus i ei verd full av skjermar” var tema for dagen.

Haugland la vekt på at “Tro og medier” ønskjer å vera ei byggjande røyst i mediebiletet og samanlikna det med oppgåva til gartnaren - det som skal spira og gro må få gode vekstvilkår. I foredraget understreka han at medvitne val kan føra til at det beste blir henta ut. Dette konkretiserte han i sju punkt.

For det første må me sjølve finna ut kva som er viktig og våga å ta nokre val. Dersom me vik unna, er det andre som vel for oss. For det er kamp om vår tid,



Jarle Haugland frå «Tro og medier» kom med mange reflekterte synspunkt som var til ettertanke for nokon kvar.

våre haldningar og vår personlegdom. Me må sjølve ta styringa, elles er det andre som legg handa på rattet. Som punkt to hevda Haugland at me må tørsta etter det beste. På medietorget er mangfaldet stort og vala mange, så leit etter kvalitet. Den samaritanske kvinnen ved brunnen i Sykar vart bydd vatn slik at ho slapp å tørsta. Ho skjøna etter kvart at dette handla om meir enn vanleg vatn - fekk tilgjeving og nytt livsinnhald.

Å tenkja over eigen mediebruk kan gje hjel til å finna veg i uoversiktleg landskap. I tredje punkt peika han på åtte steg til gode val.

- Stopp opp.
- Observer eigen mediebruk. Kor mykje, når og korleis brukar du media?
- Reflekter over eigen mediebruk. Likar du mørsteret, eller meiner du dette kan gjerast betre? I kva retning kan mediebruken ta livet ditt? Er det dette du ønskjer?
- Diskuter saka med ein du har tillit til. Vik ikkje unna vanskelege spørsmål.
- Skriv ned måla for din mediekvardag slik at du får ein plan. Skal det avsetjast tid til bibelstudium og bøn? Ver både konkret og realistisk.
- Hald deg til planen. Kanskje kjenner du ein som kan spørja korleis det går. Det kan gi motivasjon.
- Set planen i verk. Ei konsis grunngjeving kan gi driv til prosjektet. Skal du ha setningen på mobilskjermen? Minn deg sjølv ofte på kvifor du har teke desse medievala.
- Ny runde? I kva retning ber dette? Går det slik planen var, eller må du byrja på nytt? Medvitne val får gjerne gradvis større rom, og du er på veg mot nokon betre.

For det fjerde oppmoda Haugland til skjermfrie soner og periodar. Tida er verdfull, og det me får ut av ho blir avgjort av vala våre. Vidare peika han på kor stor tyngd det er i blikk-kontakt i møte med andre. Smarttelefonen har trengt seg inn i dei små pustehola me treng for



Haugland seier at foreldra sin påverknad er sterkare enn kva ein ofte ser for seg. Difor er det berre til det gode om det er ei synleg tru som blir praktisert.

å ta oss inn og som opnar opp for respons frå andre. Kanskje er det nokon som rosar deg for noko, men er du oppteken med mobilen er det ikkje sikkert du lèt det få nok merksemd, og då kan det fort verta gløymt. Det syner seg nemleg at ein mykje lettare hugsar kritikk enn komplement, og ved at ein ikkje fullt ut er til stades i ein samtale, kan ein missa gode ord ein skulle hatt med seg.

For det femte gir det verdfull innsikt å sjå kva bodskap ein finn. I film- og medieverda møter me mangt som går på tvers av bibelsk rettleiing. Eigen refleksjon gjer at bodskapen må gjennom vårt filter. På det viset tek me styringa. Dette spissformulerte Haugland slik: "Dersom me sluttar å tenkja, er det andre som tenkjer for oss." Å skilja mellom det som gir innsikt og det som kan leggjast bort er ei viktig øving. I Filipparbrevet 4,8 står det: "Alt som er sant, og alt som er ære verdt, alt som er rett, og alt som er reint, alt som er verdt å elska, og alt som er verdt å akta, ja, alt som er til glede og alt som fortener ros, legg vinn på det!". Dette er eit fininnstilt og godt brukande filter.

"Ta vase på hjarta framfor alt, for livet går ut frå det", står det i Ordtaka 4, 23. I det sjette punktet peika Haugland på freistinga som pornografi utgjer. På nettet er dette

berre nokre tastetrykk unna. Bodskapen ein møter der er ikkje sann, det er ei falsk framstilling av livet, det er skodespel. Om det gjer vondt å tenkja på nederlaga ein måtte ha lidd, så skal ein rusta seg med tanken om at det Gud har tilgitt skal heller ikkje me grava i. Og framover må ein stadig bli minna om at nye og tenlege val kan takast.

I det sjuande og siste punktet peika han på at ein kristen òg er eit vitne. I Matteus 12, 34 seier Jesus at det hjarta er fullt av, det seier munnen. Orda våre reflekterer det me sjølv tek inn. Difor er det om å gjera at me dyrkar det byggjande, og at trua gir seg til kjenne mellom det me nyttar tida vår til. Då kan møtepunkt og samtalar gi meir enn det flyktige.

Med desse punkta ville Haugland utfordra til reflektert mediebruk. For mange er sosiale medium ein viktig del av nettbruken, for andre handlar det meir om ulike nett-tjenester, men for alle gjeld det å ha ein nettbruk og ein mediebruk ein kan stå for. Dei sju punkta kan inspirera til refleksjon, ansvar og eigne val.

Tekst og foto: Helge Eilifsen



Glimt frå trusopplæringa

Takka vere mange trufaste eldsjeler har born og unge i Balestrand mange gode, kristne fritidstilbod. Her er det Babysong, ulike barneforeiningar som Spiren, Addis og Tysdagsskulen, søndagssamlingar både i kyrkja og på bedehuset og to kor for dei songglade; Joy og Baluba. For mellomtrinnet har vi Nestenåring annakvar fredag. For ungdommane er det KRIK kvar veke og faste torsdagsmøte på Sygna. Nytt av året er Ungdomsklubben på bedehuset dei fleste fredagskveldar. I tillegg til dette arrangerer kyrkja nokre særskilde trusopplæringstiltak gjennom året og her kjem nokre glimt frå minikonfirmasjon og Ung Messe.



Livlege og kreative minikonfirmantar

Fire torsdagars i januar og februar har Minikonfirmantane (5. kl) vore samla i kyrkjestova rett etter skulen. Vi har ete, prata og utforska emne som dåp, bibel, bøn og nattverd gjennom songar, undervising, gruppeoppgåver og enkle formingsaktivitetar. I guds- enesta 28. januar fekk dei sin eigen bibel av kyrkjelyden og helga 20.-22. april skal vi på Miniknfirmtaleir på Alværa. Avslutninga vert markert med utdeling av diplom i Tjugum kyrkje 3. juni.



Ung Messe

I løpet av skuleåret 2017/18 har vi arrangert Ung Messe tre gonger, i St. Olafs, på Sygna og no sist i Tjugum den 18.3. Dette er gudstenester laga av og for ungdommar, men dei er sjølvsagt også opne for andre! Vi har mange kreative og musikalske ungdommar i bygda og det er kjekt å overlate taumane til dei ☺

Kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa

Visdomskjelda GUDS ORD-rally

LAURDAG 07.04.2018
BEDEHUSET BETEL KL.16.00



MÅLAR: Lær vers fra Bibelen i 8 til 10 deler ulikt tema. Se dei fram til høst. Ta med Bibelen din saman når du spørst.

Alder: 8-12 år

CUPFINALE 02.06.2018
Vinnarar til 1., 2. og 3. plass

Visdomskjelda

I år har vi også starta opp eit prosjekt kalla «Visdomskjelda», der vi arrangerer eit «Guds Ord-rally». Dette er eit forsøk på å inspirere folk til å lære seg vers frå Bibelen. Ein gong i månaden samlast deltakarar i ulike aldrar for å seie fram nylærte vers. For kvart «feilfrie» vers får deltakaren ei perle. Her er det berre å henge seg med! Det er også mogeleg å kome berre for å høre på. Dei neste samlingane er laurdag 7. april og laurdag 12. mai kl.16-20. Finalen vert på bedehuset laurdag 2. juni og i gudstenesta 3. juni vert det utdelt vandrepokal.

SLUSH-kurs og leiarpraksis

Laurdag 10.03 deltok ni born i alderen 10-14 år på leiarkurs i regi av kyrkja. Jannicke K Ludvigsen fra Søndagsskulen Norge underviste mellom anna om ulike intelligensar ein kan ha og demonstrerte ulike måtar å formidle historier frå bibelen. Til slutt fekk borna sjølve prøve seg i ulike formidlingsformer. Allereie dagen etter hjelpte nokre av dei til på søndagsskulen under gudstenesta. Kanskje fleire har lyst til å vere medarbeidar etter kvart?



Tårnagenthelg 14. - 15. april



Laurdag 14. april vert Tjugum kyrkje full av unge skatteleitande agentar (2.- og 3. klassingar) på utforsking høgt og lågt i kyrkja. På gudstenesta 15. april får vi sjå og høyre dei i aksjon.

Utdeling av 6-årsbok 3. juni

Gudstenesta 3. juni vert ei innhaldsrik gudsteneste for heile familien. Vi får besök av Tina Birkholm og mange born og unge vil delta gjennom heile gudstenesta. Det vert prosesjon i starten og 6-åringane vil få ein flott barnebibel. Seksåringane vil også verte inviterte til samling laurdag 2. juni



Wenche Lunde møtte kallet til misjonær i Øvre Årdal

- Kan ikkje du verta med og vitja svigermor mi? Ho bur i andre etasje. Ho er sjuk, sa mannen frå Øvre Årdal.
Eg hadde slett ikkje lyst til å vitja ei eldre sjuk dame eg ikkje kjende, men eg gjorde det, sa den unge studenten som var på besøk. - Då eg kom opp, hang det eit bilet på veggen av to damer. Då seier mannen i huset til meg: Dei er misjonærar, dei damene. Er det ikkje slik at du òg skal verta det?

Det var i Øvre Årdal at Wenche Lunde (66 år) for første gong fekk spørsmål om ikkje ho skulle verta misjonær. Tidlegare hadde ho ikkje tenkt tanken, men spørsmålet sette seg fast, og slik vart det.

Wenche var ein av pionermisionærane til Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) i Sør-Amerika og har budd til saman 15 år i Peru. No vert ho ein av hovudtalarane ved NLM region vest sitt årsmøte 20. – 22. april på Lyngmo.



I samarbeid med nasjonale kyrkjer og lokale medarbeidarar driv NLM eit omfattande evangeliserings- og bistandsarbeid i tre verdsdelar. Fem av NLM sin vel 130 utsendingar i utlandet har tilknyting til Sogn og Fjordane. NLM sine utsendingar er opptekne av å formidla den kristne bodskapen i ord og handling i tillegg til omfattande bistandsarbeid i helse, jordbruk og utdanning.

NLM region vest, som i hovudsak består av fylka Sogn og Fjordane og Hordaland, er ein del av 2500 samskipnader og lag over heile landet. I dag har NLM 25 aktive lag i Fjordane og 23 i Sogn. Som aktive lag vert rekna både områder, grupper, kor og lag. I tillegg eig NLM Sygna. Det er ein kristen friskule med offentleg godkjenning og eksamensrett og ca. 180 elevar. Cirka 140 av desse bur i skuleinternata.

Historisk er NLM ein del av bedehusrørsla. Nokre stadar arbeider ein saman med den lokale kyrkjelyden og organisasjonar på felles bedehus, andre stadar eig NLM bedehus. I ein del byar har NLM større forsamlingar med møte kvar sundag og aktivitetar for ulike aldersgrupper. Dei største NLM-forsamlingane her i fylket finn vi i Gaupne og på Skilbrei.

Organisasjonen arrangerer òg leirar for barn og ungdom på våre meir enn 30 leirstadar. Her i fylket kan vi nemna Lyngmo Ungdomssenter som NLM eig saman med Indremisjonen og Skilbrei Ungdomssenter som ligg 13 km frå Førde. Kvar sommar samlast fleire tusen ungdommar på Ung Landsmøte, ein årleg, landsomfattande festival for ungdom.

Du er velkommen til å verta med på spennande og inspirerande møte og seminar på NLM sitt regionårsmøte 20. – 22. april på Lyngmo. Pastor Fredrik Skjørli Ree har seminar for ungdom og blir med som talar saman med Wenche Lunde. Tidlegare fengselsprest i Vik, Olav Martin Hove, skal ha seminar om «Sorg og forsoning». Det vert òg eige program for born og unge. Hald deg oppdatert og finn meir detaljert program på nlm.no/vest

Tekst: Misjonær Wenche Lunde. Foto: Bård Bøe / NLM

Glimt frå NLM sitt arbeid i Balestrand og ute i verda

I samband med at NLM skal ha sitt regionårsmøte på Lyngmo 20-22 april har vi fatt høve til å ta med litt informasjon i kyrkjelydsblaða i Sogn.

Underteikna er sjølv tilsett som områdearbeidar for NLM i heile Sogn og Fjordane. Det fører til mykje reising. Berre det er ei stor oppleving i seg sjølv, men først og fremst er det møte med mange flotte menneske kring om i fylket som gjev inspirasjon og glede i arbeidet. Det er fantastisk flott å kunne dele Guds ord og bodskapen om Jesus til barn, unge og vaksne. Nokre gonger er det vitjing i lag og foreiningar. Andre gongar er eg på klubbar, leirar, Sygna, i kyrkjer eller har møte på bedehus.

Her i Balestrand er vi kring 50 born som annakvar onsdag samlast i barnelaga Spiren og Addis. Då går det i song, andakt, videosnuttar, bollar og hobbyaktivitetar. Kvinneforeininga har årleg ansvaret for julemesse og triveleg samkome på bedehuset. Elles er det misjonsforeiningar kring om i heimane. Dei fungerer mest som bibelgrupper med kveldsmat og kollekt til misjonsarbeidet.

Vidare er Sygna med og synleggjer at vi gjennom NLM sitt arbeid ønskjer å ta heile mennesket på alvor ved å gje unge verdiar som berre Gud, vår skapar og frelsar, kan gje oss. I slutten av november fekk vi òg vere med å sende ut eit ektepar som utsendingar til Afrika, men sidan dei kanskje skal inn i område der dei kan bli kasta ut eller få problem om dei blir oppfatta som misjonærar, kan vi ikkje skriva namna deira.

Trond Kråvik



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND



Arrangement på Lyngmo våren 2018

- 8. april Barnas supersøndag
- 14. april Årsmøte Israelsmisjonen
- 20.-22. april Regionårsmøte NLM Region Vest
- 27.-29. april Ordet og Israel - Stevne
- 9-12.mai Mannsleir, Sykkelleir - Vestlandsvegar 18
- 16. mai Ungdomstreff – rusfritt
- 27. - 31. mai Leir Vi over 60

Sommarleirar 2018 (påmelding frå 2. mai)

- 4. – 7. klasseleir 8. – 10. juni
- 2. – 4. klasseleir 15-17.juni
- 7.-10. klasseleir 25.-27. juni

Haustleirar 2018 (påmelding frå 10. august)

- 2.-4. klasseleir 21.-23. september
- 4.-7. klasseleir 5.-8. oktober
- 7.-10. klasseleir 19.-21. oktober

Påmelding og meir info på www.lyngmoinfo.com
lyngmo@lyngmoinfo.com eller tlf: 57684366

Kyrkjelydstur til Lyngmo

7-9. september 2018

Det har byrja kome påmeldingar til kyrkjelydsturen i september og vi vonar du også har lyst til å vere med! På Lyngmo er det plass til mange og det vert kjekke aktivitetar for alle aldrar, god undervisning og tid til å bli betre kjende.

Ingvald A. Frøyen frå NMS blir med som talar. Han har bakgrunn som både ungdomsprest, forfattar, misjonær og mentor. Hald av helga og meld deg på til kyrkjekontoret! (kontaktinfo på side 2).


Etter at biletet til høgre var teke ved kyrkjelydsturen i 2012 har Lyngmo fått eit nytt internat og ny, flott gymsal med høve til ulike ballspel og leikar. Lyngmo har også sandvolleyballbane, kanoar og robåtar, bordtennis, kort veg til Lustrabadet, og Solvorn, samt fine høve til fjellturar. Velkommen!.



Statistikk frå Balestrand sokn sin årsrapport 2017

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

I figuren til høgre, ser vi tydeleg reduksjonen i tal frammøtte ved gudstenestene i 2017, frå gjennomsnittleg 69 i 2016 til gjennomsnittleg 49 når ein ser på gudstenestene på sun- og helgedagar. Det har totalt vore 908 færre personar ved slike gudstenester i 2017 samanlikna med 2016, ein reduksjon på 29 %. Samstundes ser vi at gudstenesteframmøtet heng saman med talet på konfirmantar og dåp: Med berre seks konfirmantar våren 2017 vert det naturleg nok færre personar ved både konfirmasjonsgudstenester og andre gudstenester enn då det var 17 konfirmantar året før. Med seks dåpar i 2017 vert det færre frammøtte enn med 10 og 16 dåpsfølgje dei to føregåande åra. Ein annan faktor som kanskje kan ha påverka frammøtet er at vi ikkje har hatt fast prest i siste halvdel av 2017 på grunn av sjukemelding.



	2017	2016	2015	2014	2013
Medlemer, innmeldingar og utmeldingar					
Medlemer m tilhørende pr.31.12	915	936	963	991	1008
Innbyggjarar i kommunen	1262	1288	1294	1304	1306
Medlemsprosent (medlemer av innb. i komm.)	73 %	73 %	74 %	76 %	77 %
Innmeldingar (unnateke dåp)	1	1	1	0	0
Utmeldingar	2	13	0	1	0
Kyrkjelege handlingar					
Dåpshandlingar (av desse pers. busette i soknet)	6 (3)	10 (7)	6 (10)	14 (9)	13 (7)
Forbøn konfirmantar:	6	17	12	21	14
Vigsler (av desse par utan lokal tilknyting - utanbygds)	4 (2)	3 (1)	9 (3)	7 (2)	9 (3)
Gravferder (jordpåkastningar utført av prest i soknet).	20	20	7	13	13

Gjennomsnittleg nattverd-deltaking viser ein svakare nedgang og har lege relativt stabilt etter gudstenestereforma frå 2012. Dette

er ein indikator på at reduksjonen i gudstenesteframmøtet i hovudsak gjeld personar som ikkje så ofte går til nattverd.

Offer, innsamlingar og gåver

Offerinntektene var totalt 17.000 mindre i 2017 enn året før. For å kunne halde fram med viktig arbeid

for små og store, er kyrkjelyden glade for all støtte og alle som vil vere med på fast gjevarteneste. Ei

gledeleg utvikling er at sjølv om det har vore færre på gudstenestene, så vert det gjeve meir i offer frå kvar person som er til stades.

Det er ein generell tendens at folk brukar mindre kontantar enn før. I Tjugum kyrkje har vi hatt ein kortterminal som var brukt litt i 2017. Vipps vart tinga på slutten av 2017, men kom ikkje i bruk før ut i 2018. Det vert spanande å sjå om offerinntektene vil vise ein auke etter innføring av Vipps og kor raskt inntektene vert flytta frå kontantar til elektronisk betaling.

Offer, innsamlingar og gåver	2017	2016	2015	2014	2013
Samla inn ved offer/kollekt ved gudstenester/arr	103 541	120 501	142 450	127 146	134 482
... av dette til eiga verksemد	32 201	35 454	55 087	32 550	42 296
... til eiga verksemد i prosent	31 %	29 %	39 %	26 %	31 %
...gj.snitt per offer	2 408	2 678	3 031	2 957	3 127
...gj.snitt offer per frammøtt (gj.sn framm sør)	kr 49	kr 39	kr 45	kr 41	kr 43
Tal gudstenester/arrangement med offer	43	45	47	43	43
Samla inn ved gjevarteneste (frå 2014 berre FAST gjevarteneste) +Heile summen til eiga verksemد	26 250	20 200	18 600	15 850	28 500
Andre innsamlingar og gåver (Fasteaksjon KN , krkstov, minnegåver, Thorbj.legat, andre gåver)	97 326	122 554	264 335	157 854	159 331
... av dette til Fasteaksjonen	25 770	26 650	26 450	24 770	23 120
... av dette til eiga verksemد (2015 krkstov)	71 556	95 904	236 910	133 084	134 511
... av dette att til kyrkjestova (gåva+TL)	35 640	39 600	175 341	67 569	32 900

Nytt frå kyrkjetårnet



Auka festeavgift i 2018

Balestrand kommune gjorde 15. februar dette vedtaket: "Balestrand kommune fastset med heimel i Gravferdslova §21 at festeavgifta for ei grav i Balestrand kommune vert auka frå kr. 150,- til kr. 200,- pr. år gjeldande frå 15.02.2018". Vedtaket vart gjort etter tilråding frå Balestrand sokneråd. Festeavgift er ei viktig inntektskjelde for gravferdsforvaltninga for å drifta og vedlikehalde gravplassane i kommunen.

Teleslyngeanlegg i Sæle kyrkje

Det var seinhaustes 2017 kjøpt inn ny teleslyngeforsterkar i Sæle kyrkje som erstatta den gamle som var defekt. Vi fekk diverse ikkje lagt inn rette innstillingar før jul, men frå 2018 har teleslyngeanlegget i Sæle kyrkje vore i funksjon att.

Resultat fasteaksjonen 2018

Ved Balestrand kyrkjelyd sin bøsseaksjon tysdag 20. mars kom det inn totalt kr 22.535 til Kirkens Nødhjelp (inkl Vipps og Spleis). Det tilsvarer 17,86 kr per innbyggjar. Resultatet i Balestrand vart ca 3500

kr mindre i år enn i 2017. Sjølv om 12 personar i Balestrand gav totalt 1750 kr til fasteaksjonen via Vipps, merka vi nok i år at folk har færre kontantar tilgjengeleg til å putte i bøssene.

«Ja, vi elskar dette vatnet» var temaet også i år, og sentralt står arbeid med vatn, hygiene, toalett og traumebehandling. Skule og helse er viktig, men utan rent vatn vert elevane sjuke og helsetilbodet overbelasta av menneske med vassrelaterte sjukdommar. Derfor held Kirkens Nødhjelp fram med å gje folk rent vatn, og dei er takksame for over 26 millionar totalt frå årets aksjon. Takk til alle som var med og gav! Takk til konfirmantar, konfirmantforeldre, sokneråds-medlemer og andre som gjekk med bøsse! Midlane frå Balestrand er nok til å sikre 112 menneske varig tilgang til rent vatn!



trusopplæring i Vik og Balestrand i lag. Av utgifter går totalt 1,47 millionar kroner til løn og tenestekjøp på gravplassane. Soknet hadde på slutten av året tilsette tilsvarande totalt 1,97 årsverk (0,25 av desse hører til trusopplæringa i Vik). Utanom dette er utgifter til trusopplæring og diakoni i stor grad finansierte av offer og gåvemedilar. Det har ikkje vore gjennomført investeringar i 2017.

Det er mange faktorar som verkar inn på resultatet, men eit moment som er med og forklarer meirforbruket er fleire gravferder enn budsjettet (30 prosent over gjennomsnittet for andre år på rad). Dette får både innverknad på a) kjøp av gravetenester på kyrkjegarden og b) løn til innleigde vikarar ved gravferder - før vi fekk tilsett organist og kyrkjetenar andre halvdel av 2017. Også ei anna forklaring på meirforbruket er knytt til løn: Då vi først fekk fast tilsette i 2017, vart lønsutgiftene høgare enn budsjettet av di dei nytilsette hadde høgare utdanning og/eller ansiennitet enn tidlegare tilsette.

Det vert elles vist til den fullstendige årsrekneskapen som vil verte presentert ved årsmøtet 15. april og vil verte lagt fram på kyrkjekontoret og rådhuset mm når han er ferdig revisert.

Samanslåingsprosessen held fram

I arbeidet med å slå saman fellesråda i Balestrand, Sogndal og Leikanger frå 2020 har fellesnemnda hatt fleire møte både i Sogndal og Balestrand. Mange saker treng tid til drøfting før ein fell ned på endelige vedtak, til dømes når det gjeld fysisk plassering av kontor og arbeidsplassar, organisering og samansetjing av fellesråd. Dei tilsette skal også høyrast. I vår vart det gjennomført ei spørjeundersøking for alle tilsette og sokneråd. Den

13. mars var det felles stabsmøte for dei tre kommunane med gjennomgang av resultata herifrå og felles drøftingar. På kveldstid same dag samlast sokneråda i Balestrand, Fjærland, Leikanger, Norum, Stedje og Kaupanger til felles soknerådsmøte med same føremål. Det vart t.d. drøfta kva sokna kan samarbeide om og kva arbeid som må halde fram soknevis. Les meir om fellesnemnda sitt arbeid på heimesida balestrand.kyrkja.no og i neste kyrkjelydsblad.



Misjonsavtale med NMS i Mali

Misjon i dag – ett eksempel



Illustrasjonsfoto: Frode B. Sætre og Moussa Issa underviser i Bon for noksre år sidan. I den ferske rapporten frå Mali under les vi om åtte fulani-menn som på liknande måte er samla til bibelundervisning, samtale, bøn, lese- og skriveopplæring.

Foto: Ole Andreas Husøy

Åtte fulanimenn i ulik alder er samlet i et lite jordhus i en landsby noen få mil utenfor Bamako, hovedstaden i Mali. Det er torsdag formiddag, temperaturen nærmer seg 40 varmegrader og misjonær Frode B Sætre har kommet for den ukentlige samlingen. I løpet av de neste to timene blir det bibelundervisning, samtale, spørsmålsrunde og bønn, etterfulgt av en økt med lese- og skriveopplæring i fulfulde med latinske bokstaver.

Alle disse mennene er muslimer og flere av dem er lærde og mestrer godt arabisk. Dette er ikke menn som har sagt at de vil bli kristne, men de vil gjerne lære mer og få ny kunnskap. Frode har sagt han gjerne vil dele sin kunnskap med dem. De er nysgjerrige på å finne ut hva som er likt og ulikt i Bibelen og Koranen. Det finnes ikke snev av fiendtlighet i innstillingen deres, tvert imot møter de oss med vennlige smil og gjestfrihet.

Dagens tema er Abraham og Sara som får sønnen Isak. En fortelling som er kjent både fra Bibelen og Koranen, men som er ulikt fortalt i de to tekstene. Frode leser først hele fortellingen i sin sammenheng på fulani. Deretter leses det hele på nytt av én av de eldre mennene som

er en lærde moodibo (Koranlærer). Alle de andre følger med i sine egne kopier av Første Mosebok på fulani. Noen har tekst med latinske bokstaver, mens de eldre kun kan arabiske bokstaver og har teksten på fulani med arabiske bokstaver.

Så åpnes det for samtale og spørsmål ut fra det vi har lest. Frode forsøker å tegne de store linjene om Guds løfter. Han snakker rolig og søker hele veien å være ærlig mot teksten, men uten å skape unødig spenning. Han snakker om Guds løfter til Abraham og Sara. Om Isak som ble født etter Guds vilje og ikke etter menneskers vilje, som Ismael. Han trekker varsomt linjene fremover mot Guds løfter i det nye testamente og en annen mann som ble født etter Guds vilje. Om løfter

Misjonsavtale Balestrand kyrkjelyd har misjonsavtale med NMS i Mali frå haisten 2017 som også gjelder oss i dag, løfter om at vi kan bli barn av Gud, og ikke bare slaver. Om friheten barnet har i motsetning til de som må leve under loven og er slaver under den.

Ikke én gang foretar Frode en sammenligning med Islam eller Koranen. Han snakker rolig, holder blikkontakten, spør om de forstår. Dette er ikke en debatt som skal vinnes. Det er ikke harde ord, men en samtale preget av undring, åpenhet og nysgjerrighet, og vi vet hvor vi har hverandre.

Når det er store sammenfall mellom Bibelens fortelling og det de kjenner fra Koranen og Hadith, stadfester de det, smatter med munnen og sier: Slik står det også i vår bok. Dette er kjent. Når det måtte være ulikheter forblir de imidlertid stille og lytter.

Samlingen avsluttes med at Frode ber meg be for de tilstedevarende og for det vi når har lest sammen. At vi må lære av Gud og finne den gode veien. Jeg ber, og når jeg avslutter bønnen er alle med og sier: Aamina!

Etter undervisningsøkten spiser vi sammen, fra felles matfat og praten går om løst og fast.

Hvordan foregår misjon i Mali i dag?

Akkurat slik jeg nettopp har beskrevet det. Noen ønsker

Leiarar på Alværa



Den fine leirstaden Alværa i Lavik er eigd av NMS og her er nokre aktuelle leiarar å reise på:

Påmelding til Helle L. Kartveit, Barne og ungdomsleiar, region Bjørgvin, m. 40 40 60 50, epost: hlk@nms.no.


å lære, få vite mer. Noen har hørt fra en venn at man kan få besøk og undervisning i «Tawretea, Zabura, Annababe og Linjiila», det vil si Mosebøkene, Salmene, Profetene og Evangeliet. Så får misjonæren en invitasjon til å besøke dem der de bor. Og undervisningen finner sted på en plass de har utvalgt og de ordner selv med alt det praktiske rundt samlingen. Matter å sitte på. Tavle å skrive på og et felles måltid mat.

Ut av disse samlingene, på mange ulike steder, har noen få funnet veien frem til tro og blitt døpt. Mange andre er fremdeles muslimer, men de har uansett lært noe mer om hva kristen tro er og fått et møte med kristne som gode mennesker. Og alt har skjedd hjemme hos dem selv eller på stedet de har valgt ut som møtested.

Slike møter bygger bro, og slike møter kan skape tro.

Takk for at dere er med og gjør slike møter mulige ved å støtte NMS sitt arbeid i Mali gjennom økonomisk støtte og forbønn.

Ingvald Andersen Frøyen, 1.Mars 2018



Familieleir, helga 8. – 10. juni

Tema: Vi ber!

Leiren er lagt spesielt til rette for familiær med born opp til ca. 12 år. Alle aktivitetar og samlingar er lagt opp slik at vi er saman om det meste. Forkynning, leik, måltid, sosialt fellesskap og kvile. Leirsjefar: Ingvald Andersen Frøyen og Toril Lange.

Påmeldingsfrist: torsdag 24. mai.

Sommarleir 2. - 7. klasse

25. -27. juni

(måndag-onsdag første veke i sommarferien)

Velkomne til innhaldsrike dagar på Alværa, med leik, moro og nye og gamle venner!

På Sommarleir er vi mykje ute; grillar pølser, leikar, oppdagar og gjer aktivitetar saman. På samlingane høyrer vi om Jesus og venene hans, om misjon og verda vi bur i.

Elieser Ben Jehuda

- revitalisatoren av hebraisk i Israel -



Det hebraiske språket Abraham hadde med seg frå Ur i Kaldea til Kanaan to tusen år før Kristus og som vart vidareført gjennom Jakob - jødefolket - og som kanskje var på sitt finaste i kongetida (1000 - 600 før Kr.), kom seinare meir og meir i bakgrunnen, og eit par hundre år før Jesu fødsel måtte det vika for arameisk - eit beslektet språk med same alfabet og struktur - omrent som om komplisert svensk eller dansk hadde teke over i Noreg. Arameisk vart dermed talemålet i Israel å Jesu tid.

Hebraisk fanst i GT og jødiske kommentartekstar, men etter som tida gjekk vart det framandt for den vanlege jøde, gjekk ut av bruk og vart uforståeleg for dei fleste. I synagogen og enkelte lærde miljø vart det nok på eit vis teke vare på, men måtte elles gje tapt for andre språk. Så - for to hundre år sidan - skjedde eit under. Dette språket, som ikkje hadde vore i vanleg bruk i Israel på over to tusen år, vart under stor motstand revitalisert til å verta offisielt tale- og skriftspråk i landet, og æra for dette kan tilskrivast ein enkelt mann: Elieser Perlman, betre kjend som Elieser Ben Jehuda, fødd i jødekvartalet i den litauiske byen Luschky i 1858.

Denne Elieser vaks opp i Russland og Frankrike og kom som 23-åring til Jerusalem. Før den tid hadde han gått i rabbinarlære, men blitt vraka, sidan lesing av profanolitteratur - deriblant Robinson Crusoe - på hebraisk, hadde falle rabbinarane tungt for brystet, i det dette i deira augo var å vanæra det heilage, sakrale språket.

Men for Elieser var det blitt ein kongstanke, at skulle jødane nokon gong få eige land og kjenna seg som nasjon, måtte dei ha sams språk. For slik var det ikkje på den tida; dei som kom til Palestina, kom med språka i landa dei kom frå eller med blandingsspråket jiddisj

(jid=jøde). Derfor vart det om å gjera å blåsa liv i hebraiskundervising i skulane.

Med rabbinsk elite og ortodokse jødar imot seg gjekk Elieser i gang med å finna hebraiske ord til erstatning for dei som vart brukte i daglegtale. Det betydde ransaking av all hebraisk litteratur som kunne oppdrivast. Ord som ikkje vart funne i biblioteka måtte lagast, eventuelt lånast frå arabisk. Men der var det lite moderne ord, sidan arabisk kultur ikkje samsvarer med europeisk i utvikling. Vidare galt det å gjera orda kjende for folk. Med det for auga gav han ut avis, der ord kunne prøvast om dei fungerte eller ikkje, og i eigen heim skulle det berre talast hebraisk. Heimen til Elieser skulle vera den første med hebraisk tunge på over to tusen år.

I tillegg til dette gjekk han i gang med å laga hebraisk ordbok og reiste frå land til land på jakt etter ord i storbybiblioteka. Heime i Jerusalem arbeidde han intenst; opp mot 18 timer i døgnet ved skrivepulten, og kona var til uvurderleg hjelp når det galt å skaffa sponsorar til utgjeving av binda, som kom det eine etter det andre, det første i 1909, det trettande posthumt i 1951, med 600 sider i gjennomsnitt.

Elieser Ben Jehuda fekk ikkje oppleve proklamasjonen av staten Israel i 1948, men såg dagen då omtrent kvar jøde i Israel på spørjeskjema oppgav hebraisk som morsmål. Gjennom heile livet hadde han vore ein sann fanaticar og møtt stor motbør, men då han døydde i 1922, følgde 30 000 jødar han til grava.

Kjell Helland

Kjelder:

- Robert St. John: Die Sprache der Propheten (ty)
- Robert St. John: The tongue of the prophets (eng)



Jublante påskesong

Vi er så heldige å ha to aktive barnekor i Balestrand, BALUBA (frå 5 år), leia av Aud Laila Heier og JOY (frå 5 kl.), leia av Gunnhild Skåsheim. Vanlegvis øver og opptrer dei kvar for seg, men denne våren har kora hatt eit felles prosjekt.

Søndag 18. mars framførte dei musikalen «Det er påske» av Ivar Skippervold, akkompagnert av eit svingande Sygna-band. Under Gunnhild Skåsheim si stødige og engasjerte leiing formidla dei unge songarane påskebodskapen med liv og lyst til eit fullsett bedehus.

Tekst og foto: Magni Åm Risa



Årsmøte 15.april

Balestrand sokneråd kallar inn til soknemøte etter gudstenesta i Tjugum kyrkje 15. april kl.11.00. Etter ein kaffikopp og litt å bite i vert det orientering om soknerådet sitt arbeid og årsrapporten vert delt ut. Det vert høve til samtale om arbeidet. Vel møtt!

Gudstenester i vår

På gudstenesteplanen på baksida av bladet står det om gudstenestene så langt det er planlagt. Gudstenestene knytte til trusopplæringstiltak er nemnde på side sju og først no leier Olav Martin Hove frå Vik ei «tårnagentgudsteneste» 15. april der kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa har preika.

Den 29. april er alle velkomne til samtalegudsteneste i Tjugum kyrkje med smakebitar av det konfirmantane har lært gjennom året.

Vi kan gle oss til besøk av Audun Systad to gonger i vår: Han tek både konfirmasjonsgudstenesta i Tjugum på Helgetorsdag 10.mai og vert med på Kvamsøy 2.pinsedag 21.mai i lag med ei gruppe frå Hyllestad.

Første pinsedag 20.mai feirar vi i lag med våre anglikanske vener i engelskkyrkja kl.10.00. Gudstenesta vert leia av Darren McCallig, ny Senior Chaplain for den anglikanske kyrkja i Noreg. Gudstenesta vil ha ledd både på norsk og engelsk.



Vårdugnader på gravplassane med sal av blomar

Også i år inviterer Balestrand sokneråd til vårdugnader på kyrkjegardane. Vi prøver å få dette til før konfirmasjonane og set pris på om du vil vere med:

- **Sæle kyrkjegard måndag 16. april**
- **Tjugum kyrkjegard tysdag 24. april**
- **Kvamsøy kyrkjegard måndag 30. april**

Alle dagar frå kl. 16.00 og utover (kom når du kan).

Arbeidsoppgåver: Raking av greiner og lauv, skjering av busker og tre, rydding, kosting mm. Ta gjerne med deg rive, greinsaks, naboen og noko å bite i - soknerådet stiller med kaffi og saft.

Sal av blomar

Nytt i år er at det gjort avtale om at Silvija's blomster stiller med blomar, plantejord osb for sal på Sæle og Tjugum, for dei som ynskjer å rydde og plante på graver i samband med duginaden.

Snart klare for konfirmasjon!

Kristi himmelfartsdag er det 11 konfirmantar som skal stå for presten i Tjugum kyrkje. Helga 19-21 januar fekk desse møte fleire frå fylket vårt som også skal konfirmerast i mai, ungdommar frå Hyllestad og Lavik, 31 totalt. Ekstra kjekt for vår gjeng var det også å treffen igjen Audun Systad, no prest i Hyllestad. Han har døypt mange av dei og dei kjenner godt til kvarandre frå trusopplæringa i kyrkja.

Nyleg er det også avklara at Audun kjem og har konfirmasjonsgudstenesta den 10. mai.

På bilturen heim søndag ettermiddag spurte eg om kva det kjekkaste hadde vore med ei slik helg: Nye venner var svaret som kom ganske raskt frå ein av dei og som resten kunne bekrefta. Ådne Åm Risa og Håvard Frafjord var også med og var gode å ha både som samtalepartnarar og miljørarbeidarar.



Det var ein gjeng som fort fant tonen med kvarandre, og det at dei måtte levere frå seg mobiltelefonane då dei kom og ikkje fekk desse ut igjen før dei skulle reise heim var nok litt hardt for ein del av dei, men eg trur dei såg at det likevel var lurt. I staden for å sjå ned kunne dei nå



sjå kvarandre, spele kort og bordtennis og bli kjent med kvarandre.

Vennskap med Jesus var også temaet for konfirmanthelga. Kven er han og kva inneber eit vennskap med Jesus? Vi såg ein film om Jesu liv ut frå slik det er fortalt i Lukasevangeliet, og bibelbingoen etter kvar film-økt avslørte at dei hadde fått mykje med seg av innhaldet. Det er ein kunnskapsrik og kjekk gjeng vi har med å gjere i Balestrand i år.

I dei siste konfirmantsamlingane før påske har vi hatt fokus på kva påska var og kva den betyr for oss i dag. I 1.Kor 13,13 står det eit vers om tru, håp og kjærleik. Og det er kanskje nettopp dette påska handlar om. På ei av samlingane tok vi også turen ut og prøvde å lage illustrasjonar til omgrepene tru, håp og kjærleik. Trua på at Jesus har stått opp, vissa av at vi er elskar av Gud og håpet om at døden ikkje blir det siste er noko av det som vi håper og ber om at konfirmantane sit att med etter dette året.

Gunn Berit Bøthun



Tru Håp Kjærleik





KONFIRMANTAR I BALESTRAND 2018

22. april: Kl. 11.00 i Sæle kyrkje.
Tonje Pedersen Nesse

10. mai: Kl. 11.00 i Tjugum kyrkje.

Iselinn Raquel Castrillon Bjørnevoll
Johannes Dale

Torje Grøneng

Sebastian-Nikolay Kerschbaumer

Simon Nokken Kleive

Johannes Bugge Myklebust

Melissa Bernecka Neset

Erik Petzsche

Annlaug Åm Risa

Johanna Sundgot Sunde

Noh Fisseha Weldeyohannes



I GLEDE OG SORG

Døde

14.12.2017 Hjalmar Andreas Karlsen f. 05.10.1932
Gravferd frå Sæle kyrkje 22.12.2017

05.01.2018 Eva Elisabeth Skaasheim f. 21.05.1923
Bisetjing frå Tjugum kyrkje 12.01.2018

26.02.2018 Arild Haukaas f. 27.10.1955
Bisetjing frå Molde domkyrkje 09.03.2018

Døypte

Marie Gåsland
18.02.2018 i Tjugum kyrkje



annonser



57 69 42 40

www.midtnes.no

Melbys skrifthugging as

Inskripsjon, oppussing og sikring av gravminne

Knut Melby
Steinhoggerveien 5
6490 EIDE
Mob. 482 40 612

Kontaktperson
i Balestrand:
Steinar Grøneng
Mob. 482 62 878

Balestrand Taxi

Tlf. 959 56 113



mob. 959 86 000

Turbussar

Vi tilbyr også 10- og 17-setars bussar med plass til rullestol samt store turbussar med 49 seter.



Ytre Sogn graverdsbyrå A/S

Hjelp til alle tenester ved dødsfall

GRAVMONUMENT - SKRIFTHOGGING

Døgnvakt telefon:
577 14 700 / 959 86 000

VIK ELEKTRO

Rune Målsnes
6893 VIK I SOGN
TV - Kvitevarer
Solskjerming - Glasservice
Mobil: 906 16 260
E-post: rune@vik-elektro.no
www.vik-elektro.no



Balholm Auto AS
Holmamyrane
6899 BALESTRAND

Godkjend bilverkstad
Tlf. 57 69 11 13

Sogn gravferdshjelp

Telefon heile døgnet: 57 68 14 77

Kjell Grønli, Ingar Husum, Hege Urnes, Hans Magne Kvåle.



HARALD TJUGUM
Dragsvik 17
6899 Balestrand
M: 911 28 133

**VI ER HER.
ALLTID.**



22 40 00 40



Yter all hjelp ved dødsfall og gravferd.
Døgnvakt telefon: 57 69 57 55



Tlf. 57 69 15 22

Denne gongen er det vi som har
kjørt ut kyrkjelydsbladet!
Ta kontakt om du treng
distribusjon.



BADEMILJØ
Fjærrevgen 25
tlf. 952 13 717
6856 SOGNDA

Ingen jobb for liten -
ingen jobb for stor



Vi har rørlegggjar
stasjonert i Balestrand
sentrum.

Ta kontakt ved forespørsel av
oppdrag.
Mobil 952 13 717
bent@bentvikoren.no



Sognekraft
- set krefter i sving

www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no

Gud valde å gjere noko!

Trua vår handlar ikkje berre om læresetningar eller ein måte å tenkje på, ho handlar like mykje om livet og korleis vi vel å leve det. Å leve med kjærleik i blikket til dei vi møter, kan forandre liv!

Jesus la vekt på at det er stor skilnad på å høre på undervisninga hans og så la det vere med det - og det å høre og så gjere det han seier (sjå Matteus 7, 24-27). Eg trur ikkje Jesus var ute etter å legge krav på oss menneske slik at vi skulle slite oss ut og stresse oss gjennom livet. Nei, han sa jo sjølv at vi som har tungt å bere får kome til han, sidan det berre er han som kan gje oss kvile.

I Matteus 11, 28-30 står det «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile! Ta mitt åk på dykk og lær av meg, for eg er mild og mjuk i hjartet; så skal de finna kvile for dykker sjel. For mitt åk er godt, og mi bør er lett.» Jesus vil heller at vi legg frå oss det som tynger hos han, enn at vi prøver å bere på ting åleine. Han har sett at det er grunnleggjande viktig å ikkje prøve å klare alt sjølv. Vi treng Gud og vi treng kvarandre.

Gud viser si omsorg for alle menneske konkret. Jesus vaska føter, ordna mat når det trondst og hjelpte dei som var sjuke. Men framfor alt var han konkret då han vann over døden for å gje oss menneske fred, kvile og fellesskap med Gud. Eg trur at han også vil at vi skal vere praktiske og konkrete i kjærleiken til kvarandre. Gud valde å gjere noko når situasjonen ikkje var som han skulle – det får vi også gjere i forhold til kvarandre!

Korleis kan du hjelpe nokon i dag? Er det ved å bere noko for ein annan? Er det ved å gje nokon tid i form av eit besøk eller gjennom å tilby nokon ei teneste? Å gjere kan vere viktig!

Vi får vere Guds hender, føter og øyre her på jorda. Gud er klar for å bruke deg til å gjere godt mot andre. Er du klar for å ta imot hjelp frå andre som vil gjere godt mot deg?

Bøn

Herre takk for livet som du har gjeve meg.
Takk for at din kjærleik til meg dreiv deg til konkrete handlingar.
Vis meg dine oppgåver for meg
og gjer meg villig til å utføre dei. Amen.

Louise Nilsson, diakonimedarbeidar i Balestrand sokn

Louise Nilsson har ei lita, fast stilling som diakonimedarbeidar i Balestrand. Ein viktig del av jobben hennar er Kafé Møteplassen på Bedehuset kvar måndag frå kl.17.00-20.00, men ho har også rom for samtale og besøk i stillinga si. Ta gjerne kontakt, sjå kontaktinfo side 2.
(Foto: J. Risa)



Utgjevar/Avsendar:
Balestrand sokneråd
Sjøtunsvegen 6
6899 BALESTRAND

Velkommen til gudsteneste

15.apr, 3.s i påsketida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Tårnagentgudsteneste ved Olav Martin Hove og Magni Åm Risa (tale). Dåp. Takkoffer til Det lokale kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.
	NB! ÅRSMØTE (soknemøte) for kyrkjelyden etter gudstenesta med orientering og samtale om arbeidet.
22.apr, 4.s i påsketida	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Konfirmasjon ved Runar Matsui-Li. Takkoffer til Alværa misjonssenter. Barnesamling.
29.apr, 5.s i påsketida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Samtalegudsteneste ved Gunn Berit Bøthun, Laila Vang og konfirmantane. Takkoffer til Barnevakten. Barnesamling.
10.mai, Helgetorsdag (Kr.H)	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste ved Audun Systad og konfirmantlærarane. Takkoffer til Det lokale kyrkjelydsarbeidet.
17.mai, Grunnlovsdagen	TJUGUM KYRKJE kl.10.00 (NB!) Gudsteneste. Takkoffer til Det lokale kyrkjelydsarbeidet. Song av Balestrand songlag.
20.mai, Pinsedag	ST. OLAFS KYRKJE kl.10.00 (NB!) Økumenisk høgtidsgudsteneste ved Darren McCallig. Nattverd. Kyrkjekoret frå St Edmund´s Anglican Church i Oslo deltek. Takkoffer til Vener av St. Olafs kyrkje.
21.mai, 2.pinsedag	KVAMSØY KYRKJE kl.12.00 Gudsteneste ved Audun Systad med vitjing av gruppe frå Hyllestad. Nattverd. Takkoffer til Israelsmisjonen. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
3.jun, 2 .s i treeiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste for born og unge med tale av Tina Birkholm. Utdeling av 6-årsbok. Diplom til minikonfirmantar og deltakarar på SLUSH-kurs. Takkoffer til Lyngmo ungdomssenter. Kyrkjekaffi.
17.jun, 4 .s i treeiningstida	STØLSBERG (Vetlefjorden) kl.11.00 Friluftsgudsteneste. Takkoffer til NMS (Det Norske Misjonsselskap). Kyrkjekaffi.

Atterhald om endringar.

Oppdatert gudstenestoplan finn du alltid på nettsida balestrand.kyrkja.no